

RUSSERHYTTA I ØYADALEN.

Turen til Russerhytta er inntegna på kartet frå grinda ved det gamle skiferbrotet i Øyadalen. Du fylgjer sætervegen inn til geitfjoset. Denne plassen heiter egentleg "GAMMELSÆTRA". Det har nok stått ei sæter her ein gong i tida. Det er funne rester etter tømmer ved bekken. Det er vel ikkje feil å bruke namnet "Geitsetra" sidan det har vore drift med geiter der. Men det er viktig å få fram att gamle namn og litt historie. Det kan vera at sætra har blitt fløtt og sett opp att ny der Øyasætra er nå. (Det blir arbeidd med å finne ut meir om dette) Råket til Russerhytta går bratt opp lia langs Grønslåbekken og er noko krevjande. Men det er godt rydda og merka, og ikkje så langt. Det var to russiske krigsfangar som fann seg ein plass høgt oppi lia ved ei stor gamal furu (1944) Dei hadde rømt frå Dombås. Hytta dei hadde bygd, hadde delvis lafta vegger av bjørkestokkar eit stykke og bordkledning resten. Ein kan sjå noko av veggene enda, men resten av hytta er borte. Dei hadde og frakta oppi omn. (antakeleg frå Øyasætra). Material hadde dei plukka frå låven på Tongstulen. Rømlingane hadde det nok bra der og ganske trygt, før dei vart oppdaga. Budeia i Øyasætra fekk sjå røyk oppi lia. Det er og fortalt at dei hadde vore innom Øyasætra og spurt etter litt reiskap. Budeia vart skremd. Ho tok med seg buskapen og gjekk ned til Jøndalen. Nå spreidde det seg sikkert rykte om dette og det gjekk nok ikkje lenge før tyske soldatar tok innover. Det vart visst skotveksling, men dessa to i hytta klarte å komme seg til fjells og vart berga.

Du finn god lesnad om " Jøndalsrussarane" i DOVREBYGDE for 2015 frå side 29 og frå side 36.

Lengde på råket frå Geitfjoset til Russerhytta : 0,270 km

God tur!

Jan Ove Jøndal